






SMART adventskalendar 2024

<p>1. desember</p> <p>Spel eit spel saman med nokon.</p> 	<p>2. desember</p> <p>Sei noko hyggeleg til ein person og be dei gjere det same til nokon andre.</p>	<p>3. desember</p> <p>Sei hei til nokon du ikkje kjenner så godt.</p> 	<p>4. desember</p> <p>Ha stirekonkurranse med ein annan. Kven held lengst?</p>	<p>5. desember</p> <p>Spør nokon som er åleine om de skal finne på noko.</p> 
<p>6. desember</p> <p>Teikn eller skriv om to eigenskapar som du er god på.</p> 	<p>7. desember</p> <p>Forklar ein vaksen heime kva det vil seie å ta ansvar. Kva har du lyst til å ta meir ansvar for?</p>	<p>8. desember</p> <p>Gjer noko hyggeleg for nokon heime utan å fortelje om det på førehand.</p>	<p>9. desember</p> <p>Inviter nokon til å vere med på ein leik eller aktivitet som du likar.</p> 	<p>10. desember</p> <p>Spør ein ven eller ein vaksen om å lære deg noko du ikkje kan frå før.</p>
<p>11. desember</p> <p>Fortel ein vits eller ei morosam historie for å få nokon til å le.</p>	<p>12. desember</p> <p>Teikn eller skriv om to eigenskapar du ønskjer å bli betre på.</p>		<p>13. desember</p> <p>Syng ein julesong eller to saman med andre.</p>	<p>14. desember</p> <p>Hjelp til med kjeldesortering og gå ut med søppelet.</p> 
<p>15. desember</p> <p>Lag kveldsmat til ein eller fleire i familien.</p> 	<p>16. desember</p> <p>Fortel kvifor du er ein god ven.</p> 	<p>17. desember</p> <p>Tilby å hjelpe ein ven, lærar eller ein i familien utan å bli spurt.</p>	<p>18. desember</p> <p>Teikn og skriv om ein gong du viste humor.</p>	<p>19. desember</p> <p>Hjelp til å rydde i garderoben.</p> 
<p>20. desember</p> <p>Lær deg å seie god jul på fleire språk. Kor mange språk kan du seie det på?</p>	<p>21. desember</p> <p>Tenk på noko du er takksam for og fortel det til nokon etterpå.</p>	<p>22. desember</p> <p>Kos deg med ein julefilm.</p> 	<p>23. desember</p> <p>Skriv eit hyggeleg kort og legg det på puta til ein i familien din.</p>	<p>24. desember</p> <p>Ring til nokon du kjenner og sei GOD JUL!</p> 



SMART adventskalender 2024

For barnehage, skule eller i heimen

Tel du òg ned dagane til julaftan?

Kort ned ventetida med å gjere noko hyggeleg for deg sjølv eller dei rundt deg. Kvar dag i desember finn du oppgåver der du kan trene på nettopp dette.

Når oppgåva er gjennomført kan du sjå på eigenskapane under:

- ❖ Kva eigenskapar vart brukt og kvifor?
- ❖ Korleis var det for deg å gjere oppgåva?
- ❖ Korleis trur du det eventuelt var for andre?
- ❖ Korleis kan du gjere meir av dette seinare?

SMART oppvekst



© SMART OPPVEKST • RE KOMMUNE

Med ønske om ei SMART førjulstid
frå oss på SMART-senteret!